

NOTAT

Til: Styringsgruppa
Frå: Vestland fylkeskommune
Kopi:

Vedlegg 3

Saksbehandlar/telefon:
Torill Klinker / 90899261
Vår dato: 27.09.2024

Sak 49/24 Bruk av post 66-midler (Regjeringas bompenggeavtale) - tilskot til betre kollektivtilbod

Bakgrunn

Denne saka er ei oppfølging av tidlegare saker i styringsgruppa, mellom anna møtet den 22. februar 2023 der *Bruk av tilskot til betre kollektiv* vart handsama under sak 20/23. Følgjande går fram av referatet:

Fylkeskommunen og Bergen kommune har forventningar om at midlane på Post 66 regjeringens bompenggeavtale til bedre kollektivtilbud blir nytta til Bybanen også for resten av avtaleperioden. Hausten 2023 vil dei legge fram ei sak om konkretisering av bruken av desse pengane. Det er ønske om at saka blir lagt fram for fylkesutvalet før den vert handsama av styringsgruppa.

Vedtak: Statens vegvesen sender eit brev til Samferdsledepartementet der det kjem fram at partane er einige om at tilskotet i sin heilskap no skal gå til Bybanen, men at vidare konkretisering skjer først hausten 2023 og i etterfølgande år i handlingsprogrammet. Dette er i tråd med prosess for endring av bruken av dette tilskotet som omtala i brev frå SD 11. november 2022.

Gjennom byvekstavtalen vert Bergensområdet tildelt 126 mill. kr. for 2024 over post 66, tilskot til betre kollektivtilbod. Styringsgruppa i Miljøløftet har avgjort at midlane skal nyttast til *Bybanen*, utan nærare konkretisering. Midlane skal konkretiserast årleg, og nyttast i løyvingsåret. Ettersom det ikkje var råd å konkretisera bruken for 2024 før etter at NTP vart handsama av Stortinget, kjem ikkje denne saka før no.

Vestland fylkeskommune har no utarbeida framlegg til bruk av midlane for 2024. For fylkeskommunen er det viktig å nytta dei statlege midlane slik at dei sikrar naudsynt behov for *Bybanen* og samstundes ivaretek god risiko- og økonomistyring.

På bakgrunn av dette foreslår fylkeskommunen at ein i 2024 nyttar midlane slik:

Tiltak	2024
--------	------

<p>KDP Vest Planmidlar til Bergen kommune sitt planarbeid med kommunedelplan Vest, som skal fastlegga framtidig bybanetrase til Dokken – Laksevåg – Lyngbø. Dette vil sikra naudsynt framdrift på vidare planlegging av bybanenettet i Bergen, og sikra naudsynt kapasitetsauke i kollektivsystemet på lang sikt.</p>	1
<p>Nøkkelpersonell Sikring av ei minimumsbemanning hjå fylkeskommunen som kan ivareta fagområda anleggsteknikk, grunnverv, sporgeometri mm opp mot dei pågåande prosessane i Bergen kommune (tunellutgreiing, Nygårdstangen og KDP Vest). Dette er avgjerande for å sikre god framdrift og kvalitet i naudsynte prosessar, og vil redusere samla planleggingstid.</p>	3
<p>Vedlikehald av investeringskarakter Bybaneinfrastrukturen har behov for oppgraderingar i form av tyngre vedlikehald av investeringskarakter, slik som utskifting av likerettarar mm. Auka innsats på dette feltet no er med på å sikre naudsynt regularitet og oppetid for Bybanen og dermed bidra til at denne viktige delen av kollektivsystemet fungerer som planlagt.</p>	35
<p>Spesifikasjon av innkjøp nytt vognmateriell Anskaffelse og produksjon av bybanevogner er eit langsiktig arbeid. Det er difor allereie no behov for å førebu arbeidet med å lage spesifikasjonar som sikrar at nye vogner er eigna både til eksisterande og ny infrastruktur. Dette vil sikre at talet på vogner held tritt med det aukande kapasitetsbehovet.</p>	3
<p>Straksinnløyising sykkelveg Reguleringsplanane for BT5 og sykkelveg nordover er vedteke, noko som gjev ein del grunneigarar rett til straksinnløyising ettersom bustaden er kryssa ut og føresett fjerna i gjeldande plan. For dei bygg som skal rivast grunna sjølv banetraseen kan ein nytta bompengar til grunnverv, men tre bustader er kryssa ut og føresett fjerna utelukkande som ein konsekvens av regulert gang- og sykkelveg på strekninga mellom Eidsvåg og Åsane terminal. (Desse kostnadane var tenkt finansiert gjennom reforhandling / post 30-midlar, men staten avventar som kjent vidare finansiering til endeleg traseval er fastsett av Bergen kommune.)</p>	10
<p>Redusert uttak av bompengar Det er ikkje ynskjeleg å nytta meir bompengar til BT5 i 2024 før prosjektet har garantiar om statleg finansiering. Det er i staden hensiktsmessig å redusera bompengeuttak knytt til sluttoppgrjer BT4. (Dette er bruk av bompengar som fylkesutvalet fatta vedtak om i 2022, men som vi enno ikkje har henta ut). Gjelda i Bypakke Bergen var på 4,6 mrd. pr 31.12.2023. Høge låne- og finansieringskostnader gjer det gunstig å redusera uttak av bompengar når ein har moglegheit til det.</p>	74

Fylkeskommunen vil koma attende med sak om konkretisering av bruken av midlane for 2025 i første halvår av 2025.

Fylkesutvalet har bedt om å verta orientert om bruken av midlane før saka vert vedteke av styringsgruppa i Miljøløftet. Det vert difor lagt fram eigen sak for Fylkesutvalet 19. september (sjå vedlegg).

Forslag til vedtak

Styringsgruppa sluttar seg til at det statlege tilskotet for 2024 (126 mill.) vert nytta som vist over. Det blir lagt fram ny sak om bruk av tilskotet for 2025, tidleg i 2025.